



Helse- og omsorgsdepartementet  
Postboks 8011 Dep  
0030 OSLO

Deres ref  
201201250-VP

Vår ref  
2012/7079-MOR

Dato  
24.09.2012

## Høring - forslag om forskriftsendringer som innfører ny turnustjeneste for leger

Vi viser til brev av 20.06.12 om høring av forslag om forskriftsendringer for en ny ordning for legers turnustjeneste. Universitetet i Bergen har følgende merknader til forslaget:

### Motivasjon og begrunnelse

Departementet foreslår en endring i ordningen for legers turnustjeneste. Turnustjenesten skal beholdes uendret i omfang og form, men gjennomføres i såkalte *turnusstillinger* hvor kandidatene søker og ansettes individuelt. Samtidig ønsker departementet å flytte autorisasjonstidspunktet frem til bestått medisinsk embetseksamen.

Forslaget til ny ordning er initiert av behov for å møte et organisatorisk og kapasitetsmessig problem og ut fra behovet for samordning med andre EU/EØS-land. Dette gjøres ved å foreslå endringer som også motiveres ut fra det faglige innholdet i utdanningen av leger. Vi oppfatter ikke sammenhengen mellom den organisatoriske og den faglige begrunnelsen som overbevisende.

### Kapasitet

En hovedutfordring ved dagens ordning er at kapasiteten i turnussystemet er betydelig mindre enn nødvendig for å tilby alle søkerne plass. I høringsnotatet beskrives ikke endringer i ordningen som vil øke kapasiteten i turnusordningen, og det må antas at kapasitetsproblemet vil være tilnærmet uendret.

Den foreslåtte nye ordningen for turnus framstår som svært lik den eksisterende turnustjenesten, slik at turnustjenesten i den nye ordningen vil bli beholdt i tilnærmet uendret form. Endringene består i:

- Kvalifikasjonene defineres slik at det tildeles autorisasjon ved avsluttet norsk medisinstudium, og
- Kandidatene må søke på turnusstillinger i stedet for at slike tildeles, som i dag (i dagens ordning velger kandidatene turnussted i rekkefølge etter loddtrekning)

Gjennomført turnus vil fortsatt være en betingelse for de aller fleste legestillinger og dermed vil yrkesmulighetene for en autorisert lege (med den nye definisjonen av autorisasjon) uten turnus være svært få. Det er ikke beskrevet tiltak som vil øke kapasiteten i turnussystemet, eller som vil redusere behovet for, eller etterspørselen etter turnustjeneste.

### Adekvat praksis for autorisasjon

Det foreslås at det skal gis autorisasjon ved avsluttet norsk medisinstudium. Dette begrunnes med at Norge da vil ha en ordning som tilsvarer den 17 land i EU-systemet har, mens 13 land har en ordning med en praksisperiode etter teoristudiet som er obligatorisk for autorisasjon. Dette begrunnes ut fra EU-direktiv 2005/36 (Yrkeskvalifikasjonsdirektivet), og det skrives i høringsnotatet (pkt. 1.3, s. 5): «Bakgrunnen for endringsforslaget er en erkjennelse av at de norske universitetsstudiene inneholder tilstrekkelig praksis til å kunne kvalifisere kandidatene til autorisasjon, herunder de kravene som stilles i direktiv 2005/36 om yrkeskvalifikasjoner.»

Direktivet gir imidlertid ikke spesifisering av omfanget eller innholdet i den praktiske treningen som kreves, men har en svært rund formulering (Article 24.3): "(d) suitable clinical experience in hospitals under appropriate supervision."

Pkt. 6.2 (s. 43) i høringsnotatet sier at "Direktivet oppstiller felles minstekrav ... innhold, lengde og praktisk tjeneste». Imidlertid beskrives ikke innholdet i et medisinstudium, eller omfanget og innholdet av den praktiske tjenesten i direktivet. Hva som er tilstrekkelig praksis i grunnutdanningen er ikke diskutert eller problematisert i høringsnotatet. Vi oppfatter referansen til direktivet som feilaktig.

Medisinstudiene i Norge forutsetter at det følger 18 mnd. praksis (turnustjeneste) etter grunnstudiet før kandidatene får autorisasjon. Vi mener ikke det er godt dokumentert i høringsnotatet at studiene uten videre skal inneholde tilstrekkelig og adekvat praksis for slik autorisasjon, før turnustjenesten. Dette gjelder selv om det er praksis i grunnstudiet i medisin. Vi er kjent med at omfanget av og kvaliteten i praksisundervisningen har vært prioritert ved de norske studiestedene. Likevel har ikke de norske fakultetene som har medisinutdanning, og så vidt vi kjenner til, vært involvert i vurderinger av om medisinstudiene i dag gir tilstrekkelig kompetanse for autorisasjon. En slik vurdering vil være krevende, etter som formuleringene i Yrkeskvalifikasjonsdirektivet er svært runde og ikke angir noen standard å vurdere studiene i forhold til.

I pkt. 3.1 (s. 15) i høringsnotatet sies det at det er gitt dokumentasjonskrav for norsk medisinsk utdanning i direktivet (vedlegg V), hvor det er angitt at det kreves «Bekreftelse på praktisk tjeneste som lege utstedt av kompetent offentlig myndighet». Vi vil påpeke at dette dokumentert ikke finnes i den offisielle versjonen av direktivet.

Vi vedlegger også høringsuttalelse fra Studentparlamentet, datert 30.08.12.

Vennlig hilsen



Sigmund Grønmo  
rektor



Kari Tove Elvbakken  
universitetsdirektør

Vedlegg:  
Høringsuttalelse fra Studentparlamentet



**STUDENTPARLAMENTET**  
UNIVERSITETET I BERGEN

## Svar på høyring om forslag til forskriftendringar som innfører ny ordning for lækjarar si turnusteneste

Dato 30.08.2012

Studentparlamentet ved Universitet i Bergen (SP-UIB) takkar for moglegheita til å kome med høyringssvar til " Forslag om forskriftsendringer som innfører ny ordning for legers turnustjeneste".

Turnussaka har vore og er eit viktig tema for medisinstudentar. Det har også lenge vore einigheit om at ordninga må betrast. Studentparlamentet er positiv til endring av turnustenesta. Samstundes tykkjer Studentparlamentet det er viktig å påpeike nokre av uomomenta endringa vil medføre.

### Generelt

Idag har ferdigutdanna medisinstudentar rett på turnusplass, og Staten ei følgjande plikt til å opprette slike plassar. Turnusplassane vert tildelte dei nyutdanna gjennom loddtrekking, og autorisasjonstidspunktet for lækjarar er etter fullført turnusteneste. Trass i at mange nye turnusplassar har blitt oppretta, har ein ikkje klart å skaffa eit tilstrekkeleg tal som oppfyller krav til kvalitet og vegleing.

Endringsforslaget har mellom anna til følge at ein vil gå over til ei søkjarbasert turnusordning. Skepsisen til ein overgang til ei søkjarbasert turnusteneste var stor hos mange medisinstudentar i Bergen til å byrje med. Studentparlamentet er no ikkje aleine om å stille seg bak endringa, samstundes som fokuset må vere å gjere den søkjarbaserte turnusordninga av så god kvalitet som mogleg.

Norsk Medisinstudentforening (NMF) har kome med viktige innspel i arbeidet. Studentparlamentet er glad for at desse innspela er tekne omsyn til i det endelege endringsforslaget.

### **Autorisasjonstidspunkt**

Studentparlamentet stiller seg bak forslaget om å flytte autorisasjonstidspunktet fram til etter fullført medisinsk embetseksamen. Samstundes vil ei slik endring skape fleire uromoment som det er viktig å vere medviten om. Noko av grunngevinga til departementet er at utdanninga allereie oppfyller krava til praksis i yrkeskvalifikasjonsdirektivet. Endringa vil slik Studentparlamentet ser det likevel medføre eit auka behov for kvalitetssikring av praktisk undervisning undervegs i medisinstudiet samt av studentane sine praktiske evner etter avslutta studium. Ein må også vurdere om noko klinisk praksis som no er del av turnustenesta bør flyttast inn i studieplanen til medisinstudentar.

Studentparlamentet er generelt einig med Norsk medisinstudentforeining i at myndighetene må evaluere norsk medisinstudium si lengde, sin kvalitet samt talet på studentar som får støtte frå Lånekassen til å ta utdanninga i utlandet. Ein vil slik få ein heilskapleg strategi som omhandlar både kvaliteten og storleiken på legedekninga i Noreg.

### **Opparbeide praksis tilsvarande turnusteneste ula grunnutdanninga**

Dersom opparbeiding av praksis tilsvarande turnusteneste kan skje under grunnutdanning, har nokon studentar uttrykt uro for at norske studentar kan verte forskjellshandsama samanlikna med studentar ved andre utdanningsinstitusjonar i Europa kor studieåret er kortare enn i Noreg og kor ein har meir tid til å opparbeide seg slik praksis.

Slik praksis vil også vere svært ulik ettersom praksis i byrjinga av studiet ikkje kan samanliknast med praksis i slutten eller etter fullført studium. Studentparlamentet er einige med Norsk medisinstudentforeining (Nmf) i at kvalitet må ha første prioritet når turnustenesta skal endrast, ikkje redusering av køar.

### **Vilkår for tilsetjing**

Studentparlamentet meiner at ordninga med særplassar burde vore vidareført all den tid turnus framleis er nødvendig for å gjennomføre spesialistutdanninga. Studentparlamentet er også særskilt uroleg for rettane til kvinnelege, gravide søkjarar.

### **Bergen har karakterar**

Medisinstudentar ved Universitetet i Bergen er dei einaste i Noreg som vert vurderte med karakterar. Studentparlamentet etterlyser meir informasjon om korleis desse studentane skal vurderast opp mot søkjarar frå andre lærestader.

### **Avtalefesta kopling mellom helseføretak og kommunar**

Studentparlamentet meiner hovuddelen av stillingane som vert utlyste bør ha ei kopling mellom helseføretak og kommunane for å gjere turnustenesta mest mogleg stabil for søkjaren ved å unngå to tilsettingsrundar.

### **Desentralisering**

Studentparlamentet er uroleg for kva verknader ei søkjarbasert ordning kan ha for legedekninga i distrikta. Sverige har mindre gode erfaringar med dette. Studentparlamentet set pris på at dette er problematisert av departementet, og løysinga med to tilsetjingspuljer kor erfaringsmessig rekrutteringssvake stillingar vert lyste ut først samt å gjere det vanskeleg å spekulere i tilsetjingsprosessen er gode tiltak.

### **Overgangsordningar**

Ein har vore oppteken av gode overgangsordningar slik at endringane ikkje skal gå utover dei som allereie er tekne opp på eit studium. Studentparlamentet tykkjer dette er blitt gjort på ein god måte, både med omsyn til medisinstudentar i Noreg og i andre EØS-land, i det endelege forslaget frå departementet. Medisinstudentar i EØS-land kor ein ikkje har tilstrekkeleg praksis i grunnutdanninga kan få mellombels turnuslisens. Studentparlamentet meiner ei ordning med kvalitetssikring av medisinstudentar utan lisens bør på plass før desse får mellombels turnuslisens. Dette er ei tidsavgrensa ordning som vil gå ut 1.1.2019. Studentparlamentet kan ikkje sjå at det er gjort klar korleis desse studentane skal oppnå autorisasjon etter denne datoen.

*Vedteken av Studentparlamentet ved UiB den 28. august 2012*

Studentparlamentet ved Universitetet i Bergen

Parkveien 1, N-5007 BERGEN. Telefon + 47 55 54 51 27

[www.studentparlamentet.uib.no](http://www.studentparlamentet.uib.no)

